

Områdеплан Sulafjellet:

Varsel om oppstart og høyring av planprogram

Del A – **Offentlige instansar, A01 – A12**

Samandrag av merknader med kommentar

Samandrag merknader:		Plankonsulent si vurdering/kommentar og eventuell tilråding til endring.
<p>Under er hovedinnhald i merknadene oppsummert. Alle originalmerknader i fulltekst blir vedlagt ved politisk behandling av planprogrammet.</p>		<p>Merknader som fører til tilråding om justering av innhald i planprogrammet blir kommentert særskilt, framlegg til endring blir markert med kursivskrift.</p>
A01 – 23.09.21 Statens vegvesen	<ul style="list-style-type: none"> ■ Etablering av gondolanlegg bør inngå som en del av heilskapleg utvikling av Langevåg sentrum. Verknadar må samordnast og synleggjera, jf. pågående områderegulering Langevåg sentrum. ■ Det må komme fram kva endringar gondolen vil ha, og kva tiltak som skal gjeraast for å redusere bilkøyring som t.d. samordning/-bruk av p-plassar, kollektivtilbod både buss og båt og tilbod for mjuke trafikantar, jf. parkeringsanalysa til områderegulering Langevåg sentrum. ■ Vektlegge gode og trygge tilbod for gåande og syklande til/fra og innanfor planområdet ■ Området må gjeraast tilgjengeleg for alle ved hjelp av prinsippa for universell utforming ■ Det må settest av areal til sykkelparkering, jf. N100 Veg- og gatenorm og V122 Sykkelhandboka. Det må knytast reguleringssføresegner til dette. 	<p>Innhald planprogram:</p> <p>Skissert utgreiingsbehov under tema infrastruktur fangar opp dei vurderingar som er framheva i merknaden.</p> <p>Merknaden krev ikkje justering av planprogrammet.</p> <p><u>Øvrige kommentarar:</u></p> <p>Uformig av planen blir samordna med framlegg til områdereguleringens Langevåg sentrum så langt det høver. Endringar i trafikkmengde, fordeling av trafikk, parkering m.v. vil bli vurdert og omtala.</p> <p>Vi tek med oss øvrige innspele fra Statens vegvesen vidare i planarbeidet</p>
A02 – 28.10.21 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	<p>Natur- og miljøvern:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Regjeringa forventar at kommunane identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfold, friluftslivområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap. Med unnatak av nokre få hyttefelt er Sulafjellet avsett til LNF i kommuneplanen sin arealdel. <p>Friluftsliv:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Sula skal vere den leiane kultur- og friluftskommunen i Ålesundregionen, jf. samfunnssdelen til kommuneplanen. ■ Sulafjellet er kartlagt som svært viktig friluftslivområde. Området har stor brukstrekkvens, både av regionale og nasjonale brukarar. 	<p>Innhald planprogram:</p> <p>Som følge av merknaden rår Nordplan AS til følgjande endringar i planprogrammet:</p> <p>Kap 1.8 Kunnskapsgrunnlaget:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Tillegg i avsnitt Friluftsliv (utredningsbehov): „<i>inkludert konsekvenser for tradisjonelt friluftsliv</i>“ <p>■ To tillegg i avsnitt Befolknings helse og helsefordeling i befolkninga: „<i>Vurdering av konsekvenser for nærmiljø/bomiljø under eller nær gondolbana, for eksempel innsyn fra gondol til bolig. Gjøres blant annet ved hjelp av gode</i></p>

	<ul style="list-style-type: none"> FRIDA-registrering av friluftsliv i naturbasen som omfattar «Fjellplatå, liar og strand». Området er mykje nytta både sommar og vinter og er kategorisert med regional viktig verdi. Sulafjellet er viktig for lokalt friluftsliv, det vises til <i>Stortingsmelding 18(2015/2016) Friluftsliv, Natur som kjelde til helse og livskvalitet, der det vert referert til markaområdet. Markaområde er større friluftslivsområde som grenser til og har direkte tilkomst frå byar og tettstader.</i> Det kan by på utfordringar mellom friluftsliv, utbyggingspress, naturverdiar og andre brukarinteresser. Regeringa oppfordrar derfor til å markere langsiktige utbyggingsgrenser, ved bruk av omsynssoner for å sikre natur- og friluftsinteressene Sula kommune har gjort grep får å sikre Sulafjellet ved å legge inn LNF i kommuneplanen sin arealdel, samt kartlegging av viktige friluftsområde. Sulafjellet har vesentleg verdi som markaområde, og ved rulling av kommuneplanens arealdel bør dette markerast med ei markagrense for å hindre utbygging. Statsforvaltaren stiler seg tvilande til at fordelar ved å gjere det lettare for enkelte grupper å nå fjellet, kan vege opp mot dei negative konsekvensane dette vil gje for det tradisjonelle friluftslivet og landskapet. Konsekvensutgreiinga må ta for seg dette. Utbygginga styrer opplevingsverdien frå natur til eit utbyggingsområde. I tillegg til å endre arealset bygget og andre installasjonar står på, vil influensområdet vere mykje større. For Sulafjellet vil truleg gondolen endre opplevingsverdien for heile fjellområdet, då det vil vere synleg frå dei fleste kantar. Dersom ein skal vurdere alternative areal, må dette sjåast på frå eit mykje større perspektiv, og kanskje på eit interkommunalt nivå. Konsekvensutgreiinga må synleggjere bruk og ferdseismønster på Sulafjellet i dag. Dette gjeld t.d. turgåing sommar og vinter, aktivitetar som sykling, jakt og fiske, og 	<p><i>illustrasjoner (3D) av banens høyde over bakken i forhold til utsatte boliger..</i></p> <p><i>"Avveining av positive og negative sider av endra tilgjengelighet til friluftsområdet på Sulafjellet."</i></p> <ul style="list-style-type: none"> Punkt ved ørande nærmiljø og bomiljø med fokus på innsyn frå gondolbane i avsnitt Samfunnskonsekvensar flyttast til avsnitt Befolknings helse og helsefordeling i befolkninga. <p>Kap. 3.3 Konsekvensutredningstema:</p> <ul style="list-style-type: none"> Tillegg i avsnitt Friluftsliv: <i>"Dagens bruk og ferdseismønster på Sulafjellet skal synliggjøres."</i> 3 tillegg i avsnitt for Naturmangfold: <i>".. herunder kartlegge fugler i området. Vurdere kollisjonsfare og evt. annen påvirkning på funksjonsområde for fugl."</i> <i>"Konsekvensene for INON-området ved planlagt utbygging."</i> <i>"Konsekvenser for naturmiljø ved evt. utbygging i strandsona."</i> Tillegg i avsnitt Landskap (under planforslaget sin visuelle påvirkning): <i>"Rydding av skog".</i> Virkninger for naboor og nærområde flyttes til kapittel Folkehelse
--	--	--

<ul style="list-style-type: none"> ■ ev. andre friluftsaktivitetar. Stikk-ut turar og tal bør inngå i planomtalen og samstundes synleggjere så godt som mogleg turar som ikkje er registrert i Stikk-ut ■ Statsforvaltaren er i sterkt tvil om dei førespeglia planane kan foreinast med dei svært viktige friluftsinteressene på Sulafjellet og varslar motsegn til etablering av gondol med tilhøyrande planar på Sulafjellet <p>Naturmangfald:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Naturtypar kartlagt etter Miljødirektoratets instruks og etter DN-håndbok 13 skal takast omsyn til ■ Det er registrert kystlynghei og naturbeitemark i den nordlege delen av planområdet. Resterande areal innanfor planområdet og influensområde der ein kan forvente auka slitasje på vegetasjon skal kartleggast (NIN/kartlegging). Tilnår at ein også registrerer trua planteartar. ■ Kartlegge kva som finst av fuglar i området og konsekvensutgreiinga må vurdere kolisjonsfare og ev. anna påverknad på funksjonsområde for fugl (vadefugl, hønsefugl og rovfugl) ■ Dele av Sulafjellet er registrert som Inngrepssfri natur i Norge (INON). Konsekvensane for INON-området ved planlagt utbygging må synleggjerast ■ Reguleringsplanen må vise at planlagt utbygging og endra ferdsel ikkje vil gje uakseptable verknader for naturmangfaldet. Eventuelle avbøtande tiltak må skildrast. <p>Landskap</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Planar skal sikre kvalitetar i landskapet og vern av verfulle landskap, jf. pbl § 3-1 b. Verknader på landskapet må vektleggast. Må sjåast i samanheng med ei ev. reduksjon av INON-området. ■ Visualisering av tiltaket både fjern og nærperspektiv er ein viktig del av planarbeidet. Det må gjennomførast ein landskapsfaglig vurdering av tiltaket si påverknad på kvalitetar og opplevingverdi i landskapet. Estetikk og 	<ul style="list-style-type: none"> ■ Tillegg i avsnitt Forurensing/støy: "Lysforurensing, med særlig fokus på belysning i urørt naturområde." ■ Nytt avsnitt: Folkehelse. Punkt under utredningsbehov: <p>"Vurdering av påvirkning på beboere under eller nær gondolbana, før eksempel innsyn fra gondol til bolig."</p> <p>"Avveining av positive og negative sider av endra tilgjengelighet til friluftsområdet på Sulafjellet."</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Endring i avsnitt Samfunnskonsekvenser: Avsnitt om gondolbarnens berøring av private eiendommer/fotavtrykk samt utredning av virkninger for boliger under eller nær banen flyttes til kapittel Folkehelse. ■ Vurdering av barn og unge sine interesser er ein obligatorisk del av reguleringsplanarbeidet. Dette vil bli gjort i kapittel i planomtalen, ikkje som eiga konsekvensvurdering. For oversikten sin del rår vi til følgjande endring: Nytt avsnitt: Barn og unges interesser. Utredningsbehov: Tiltaket vurderes opp mot barn og unges interesser, med spesielt fokus på trygge trafikkloasninger og tilkomst til friluftsområder og oppholdsarealer. <i>Virkning for barnehagene sine ute, inne- og turområde.</i>
---	---

	<p>utforming av bygg og teknisk infrastruktur må skildrast. Alle tiltak bør illustrera, også omfanget av rydding av skog og lysforureining.</p> <p>Strandsona</p> <ul style="list-style-type: none">▪ Strandsona er av nasjonal betydning og miljøverdiar og allmenne interesser skal takast vare på. Kaianlegg og andre tiltak bør ha gjennomtenkt lokalisering og krav til utfoming Planforslaget må utgribe om allmenne interesser i strandsona og kva påverknad tiltaket vil få for desse interessene. Konsekvensar for landskap og naturmiljø ved utbygging og endra straumtilhøve må utgreiaast▪ Det er registrert ålegras like utanfor stranda ved Geilenset <p>Vassdrag</p> <ul style="list-style-type: none">▪ Det skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr langs bekkar og vassdrag, jf. vassressurslova § 11 <p>Samfunnstryggleik og klimatilpassing</p> <ul style="list-style-type: none">▪ SF føreset at relevante aktørar som t.d. brannvesenet, vert involvert i ROS-analyza. Det er forventa at analysen vurderer om gondolbana medfører endringar i risiko- og/eller sårbarheitstilhøve for eksisterande/planlagt arealbruk i området▪ Det skal merkast av omsynsosser i plankart, jf. pbl. § 12-6.. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyte nærare avklaringar om reell fare til byggesak, jf. pbl. § 4-3▪ Det vises til «Statlege planrettningssliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing», «Klimaprofil Møre og Romsdal» og rettleiar frå Miljødirektoratet til korleis planar kanta omsyn til klimaendringar	<p>Øvrige kommentarar:</p> <p>Vi noterer oss varsel om motsign i samband med at Sula kommune ikkje kan auke belastning på avløpsanlegget før krava til reining er overhalde, jf. forureiningsforskrifta og pbl. § 27 -2. Dette må sikrast gjennom rekkefølgekrav.</p> <p>Merknader og innspel som ikkje er kommentert under innhald planprogram blir tekne med vidare i planarbeidet.</p>
--	--	--

	<p>Forureining og støy</p> <ul style="list-style-type: none">■ Sula kommune kan ikkje auke belastning på avløpsanlegget før krava til reining er overhalde, jf. forureiningsforskrifta og pbl. § 27 -2. Dette må sikrast gjennom rekkefølgjekrav. Dersom dette ikkje vert innarbeid i føresegne vurderer statsforvaltar å fremme motsegn■ Det er grunn til å tru at det er forureina sediment i sjø i dette området. Det må takast prøver i samsvar med Rettleiar for handtering av sediment (M-350) og sende søknad om løyve etter forureiningslov til Statsforvaltaren■ Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging T-1442, med tilhøyrande rettleiar M-128, skal leggast til grunn for all arealplanlegging og utbygging. Det må utarbeidast støyvurdering. Bygge- og anleggstøy må også vurderast og omtalast. Om grenseverdiane i tabell 4 blir overskride bør det lagast ein plan for handtering av støy i bygge- og anleggfasen, og det må vurderast tiltak som sikrast i føresegne. <p>Barn og unge</p> <ul style="list-style-type: none">■ Barn bør gjevast høve til å delta i planprosessen. Det må utgreiast om areal som er i bruk av born og unge blir berørt og i kva grad. Det kan stillast krav om erstatningsareal, jf. <i>Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, pkt. 5d.</i>■ Konsekvensane for mijuke trafikantar som følgje av endra trafikkmonster må utgreiast. Verknadar for born og unge må synleggjera og ei må finne løysingar for å gi trygge rammer for mijuke trafikantar <p>Folkehelse</p> <ul style="list-style-type: none">■ Konsekvensutgreiinga bør omfatte ulike påverknader på helse for dei som bur i bustadområdet under eller i influensområdet som vil kunne bli negativt påverka av gondolbana. T.d. frykt for ulykker og innsyn frå gondol.
--	---

A03 – Møre og Romsdal fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none"> ■ I kap. 1.6 i planprogrammet bør ny fylkesplan for Møre og Romsdal, 2021 – 2024 som er tufta på FNs berekraftmål og fylkesstrategi for samferdsel 2021 – 2024 nemnast. ■ Sulafjellet er eit mykje brukt turområde og planen vil ha verknad for mange, det er viktig med brei medverknadsprosess ■ Trafikk- og parkeringsløysingar må grundig vurderast i konsekvensutvurdinga, jf. områdeplan Langevåg sentrum. Auka trafikkmengd må vurderast mot kapasitet på vegnettet og i kryssa, og det bør utarbeidast ei trafikkanalyse ■ Etablering av gondol burde inngå som ein del av heilskapleg utvikling av Langevåg sentrum. Det er viktig at begge planane (områdeplan Langevåg sentrum) sine innbyrdes verknader går fram og at dette blir samordna på ein god måte. ■ Viktig å legge til rette for gode og trygge løysingar for mijuke trafikantar. Mjuk trafikantar, kollektivtransport og ev. andre mobilitetstilbod, universell utforming bør prioriterast ■ Tiltaka må sikrast gjennom rekkefoliggjøfesegner for gjennomføring av tiltak som berørt ■ Før eventuelle tiltak på fv. 657 må det inngåast gjennomføringsavtale med fylkeskommunen. ■ Utgreiing av elektrisk driven hurtigbåt må bli gjort i samarbeid med fylkeskommunen/FRAM ■ Før områdeplanen kan godkjennast må forholda mellom planen og automatisk freida kulturminne avklarast, jf. kulturminnelova §§ 3 og 9 ■ Det finst ei rekke kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid innanfor planområdet. Det er viktig at kulturminne med lokal og regionalverdi vert sikra med omsynssone C. Kartfestinga av omsynssonene bør gjerast etter dialog med seksjon for kulturarv. Forslag til utstrekninga vert ettersendt 	<p><u>Innhald planprogram:</u></p> <p>Som følge av merknaden rår Nordplan AS til følgjande endringar i planprogrammet:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Punkt 1.6.2 Statlige planbestemmelser og planretningslinjer: <ul style="list-style-type: none"> Nye punkt under retningslinjer: <ul style="list-style-type: none"> - Nasjonal gåstrategi - Nasjonal sykkelstrategi - Statens vegvesen sine vegnormalar og rettleiarar ■ Punkt 1.6.3 Regionalplan: <ul style="list-style-type: none"> <i>Justere årstal for Fylkesplan for Møre og Romsdal.</i> <p>Nytt punkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024.</i> <p><u>Øvrige kommentarar:</u></p> <p>Utdanning av planen blir samordna med framlegg til områderegulerings Langevåg sentrum så langt det høver. Endringar i trafikkmengde, fordeling av trafikk, kapasitet, parkering m.v. vil bli vurdert og omtala.</p> <p>Merknader og innspel som ikkje er kommentert under innhald planprogram blir tekne med vidare i planarbeidet.</p>
-------------------------------------	---	--

A04 – 11.10.21 Fiskeridirektoratet	<ul style="list-style-type: none"> ■ Områdeplanen vil ikke komme i konflikt med kartlagde fiskeriinteresser eller ha negativ påverknad på bruken av fiskeområdet. ■ Det er ingen akvakulturokabilitetar i nærområdet ■ Havforskningsinstituttet har registrert eit nasjonalt viktig gytefelt for torsk. Dele av planområdet (sjø) ligg i dette gytefeltet. Ev. negativ verknad på dette og marin biologisk mangfold generelt må inngå i ei konsekvensutredning ■ Ved tiltak i sjø som utfylling, mudring, pæling eller sprenging må påverknad på gytefeltet, tidsperiode og avbøtande tiltak bli grundig vurdert. Avbøtande tiltak må om naudsynt takast med i reguleringstørsegagnene ■ Generelt blir det stilt krav om reine masser og skånsam utfylling mtp. spreiling av partiklar ■ Tiltak i sjø i dette området anbefalast ikkje igangsett i perioden 01. januar til medio juni og det skal nyttast spreingsbarriere dersom det skal fyllast ut masse fram til 1. september. 	<p><u>Innhold planprogram:</u> Som følge av merknaden rår Nordplan AS til følgjande endringar i planprogrammet:</p> <p>Kap. 3.3 Konsekvensutredningstema:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Tilllegg i avsnitt for Naturmangfold: "Virkning på marin biologisk mangfold/gytefelt for torsk ved eventuell fylling i sjø." <p><u>Øvrige kommentarar:</u> Vi tek med oss øvrige merknader og innspel vidare i planarbeidet.</p>
A05 – 25.10.21 NVE	<ul style="list-style-type: none"> ■ Dele av planområdet er vurdert som aktsemdsområde for områdeskred av kvikkleire, og den reelle faren må avklarast i planarbeidet. Viser til prosedyre som er skildra i NVE-rettleiari «1/2019 Sikkerheit mot kvikkleireskred» kap 3.2. for tilstrekkeleg avklering av fare for områdeskred av kvikkleire. ■ Ber om at tiltaka planen legg til rette for i strandsona og sjøen vert vurdert i samsvar med råda i rettleiarene (nemnt ovenfor). ■ Rårt til at det vurderast korleis alle konstruksjonane skal forankrast i arbeidet med planen. ■ Det må avklarast om det er reell skredfare i planområdet. NVE har utarbeidd rettleiar for kartlegging av skredfare i bratt terreng. Dei oppmodar om at rettleiarene vert brukt ved bestilling av konsulentrapportar, samt at rapportane vert utarbeidd i samsvar med rettleiarene. ■ Det er viktig å avklare aktuell tryggleiksklasse for tiltaka planen skal legge til rette for. 	<p><u>Innhold planprogram:</u> Merknaden inneheld ikkje moment som krev justering av planprogrammet.</p> <p><u>Øvrige kommentarar:</u> Vi noterer oss at flaumsonekart for Molværselva og Vassetelva er utarbeidd. Kunnskapen frå Norconsult sin rapport datert 11.09.2019 blir lagt til grunn i planarbeidet.</p> <p>Vi tek med oss øvrige merknader og innspel vidare i planarbeidet.</p>

	<ul style="list-style-type: none">■ Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen, dvs. regulerast med omsynsone «Skredfare H310» med tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruken for å oppnå tilstrekeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.■ I nedre del av planområdet har Sula kommune fått utarbeidd flaumsonekart for Molværselva og Vasssetelva. Kunnskapen fra Norconsult sin rapport datert 11.09.2019 bør leggast til grunn i planarbeidet.■ Areal som vert flyøym over ved 200 års flaum skal synast i plankartet som omsynsone «Flaumfare H320», og ha føresegner som sikrar tilstrekeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.■ Skadepotensialet til bekkaane som går gjennom og langs planområdet bør vurderast, og bekkeløp må sikrast tilstrekeleg kapasitet.■ Dersom elveberedda er erosjonsutsatt skal det vere ei tryggleikssone mellom bygninga og toppen av lausmasseskåringa over elva som er minst like brei som høgda frå elva og til toppen av skåringa.■ Rår til at ein sett seg inn i «planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing» og sikrar at arealdiisponeringa tek omsyn til eit klima i endring.■ Rår til at ein ryttar kunnskapen klimaprofilen for Møre og Romsdal fylke gir om forventa klimaendringar i planarbeidet.■ Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag» jf. Pbl. §12-5 nr 6, bør nyttast til å merke vasstrent med t.d. underkategoriene Natur og friluftsliv■ Rår til å nytte rettleiarar og verktøy: Lista opp i merknaden i plandokumenta må det vere skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fragturgreilingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til NVE.
--	--

<p>A06 – 22.10.21 Direktoratet for mineralforvaltning</p>	<p>Innhald planprogram: Merknaden inneholder ikkje moment som krev justering av planprogrammet</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ DMF vurderer at plana ikkje endrar føresetnadane for tilgangen til ressursane. ▪ Dersom det vert generert overskotsmassar som følge av tiltak som skal realisera i planen, anbefaler DMF at tiltakshavar vurderer korleis massane kan nyttast til samfunnstenelege føremål, framfor at massar vert permanent deponert.
<p>A07 – 04.10.21 Mattilsynet</p>	<p>Innhald planprogram: Merknaden inneholder ikkje moment som krev justering av planprogrammet</p> <p>Øvrige kommentarar:</p> <p>Vi noterer oss Mattilsynet sine fåd vedr. Vassforsyning, og vil utgjere dette i samband med ein rammeplan for vatn og avløp. Privat vassforsyning vil vere eit alternativ som blir vurdert.</p> <p>Dersom planprosessen viser at det er aktuelt med tiltak i nærliken av hytteområdet ved Molværsvatnet, må ein sjå nærmare på ivaretaking av eksisterande vassbrønnar.</p> <p>Vi tek også med oss øvrige merknader og innspel vidare i planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Ser det som uaktuelt at ein skal pumpa kommunalt drikkevatt opp til gondolbygg på ei høgde av 725 meter. Det mest realistiske er at ein planlegg for eiga drikkevassforsyning. ▪ Eventuelle eigne brønnar bør skjerma med definerte omisyssoner i nedbørstfeltet. ▪ Drikkevassforskrifta §1 stiller krav til sikker levering av tilstrekkeleg mengde helsemessig trygt drikkevatt som er klart og utan særskilt lukt, smak eller farge. Dersom ein vel å nyta eiga vasskjelde, må det leggjast fram dokumentasjon som syner at kapasiteten er tilpassa estimert reell forbruk. Ein bør også ta høgde for brannvatn/slokkevatn i utrekninga av vassforbruks. ▪ Vasskvaliteten må dokumenterast eller eventuelt kartleggast, dersom analysegrunnlaget ikkje er godt nok. Analyseresultata må samsvara med dei grensekrav som vert stift i drikkevassforskrifta, jf. §5 og vedlegg 1 og 2. ▪ Dersom dokumentasjonen viser at vasskvaliteten og leveringstryggleiken ikkje stettar krava i drikkevassforskrifta, må ein vurdere aktuelle tiltak for å rette opp forholdet. ▪ Det bør sjekka ut med kommunen kor vidd Molværsvatnet blir brukt som drikkevatn av hytteeigarar. ▪ Prosjektet bør kartlegge om nokre hytteeigarar eller grunneigarar har interesser i Molværsvatnet. ▪ Om turvegen opp til Vonhytta også skal brukast som anleggsveg/tilkomstveg, er det viktig å få kartlagt om dette kan kome i konflikt med private brønnar.

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Utbyggjar bør vurdere å ta vassprøver hos aktuelle hytter som kan bli berørt av tiltaket, både i forkant av anleggsperioden, underanleggsperiode og etter anleggsperiode. ■ Det er viktig å unngå forureina utslepp til vassdrag og nært kjelder, jf.. Vassforskrifta §17. Det er i den forbindeise viktig å tenke på kva slags masser ein nyttar iog i nærliken av vassdrag, slik at desse ikkje kan gi tungmetall eller andre giftige stoff til vassførekostane. ■ Det er viktig at det ligg føre ei fullverdig ROS-analyse over aktuelle problemområde. ROS-analysen skal mellom anna vurdere risiko og sårbarheit som kan oppstå ved endra arealbruk i forhold til dagens forutsetninger. ■ Fordrikkevassinteresser og grunnvatn er det også viktig å vurdere korleis framtidige varslia klimaendringar kan påverke. ■ Utbyggjar/planleggjar bør kartlegge vassforsyninga i reguleringsområdet, og sende planane på høyring ut til dei som måtte bli berørt av tiltaket. ■ Alle vassforsyningssystem som forsyner til næringsmiddelverksemid må søke om plangodkjenning i Mattilsynets skjemateneste, jf. Drikkevassforskrifta §18. 	<p>Merknad innneheld ikke moment som krev justering av planprogrammet</p> <p>Vi tek med oss merknader og innspel vidare i planarbeidet.</p>
A08 – Kystverket	<ul style="list-style-type: none"> ■ Ved planlegging av ny/større kai og dimensjonering av ny ver nemolo må det sikrast tilstrekkeleg areal til lastning, lossing og lagring, tilstrekkeleg manøvreringsareal og vern. Både stormflo og havdønning (svell) er framtredande i området. ■ Ein solid ny molo vil også kunne dempe for framtidige overfløymingar/skader på lågareliggende bygg/anlegg i området bak ver nemolo ■ Det er hensiktsmessig å nytte arealformålet farled eks. ved innsegling til trafikkhamner, i trønge farvatn og i områder med høg trafikkfettingslik. Vises til forskrift om farleder i kommunen sitt sjøområde kan det være hensiktsmessig å nytte farled eller ferdselsformålet for å sikre innsegling til 	

	<p>mindre hamner og småbåthamner. Vises til kap. 6.4.2</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vegleiar for planlegging i sjøområda ▪ Antar at båtsambandet ikkje blir av en slik regularitet at det framkallar behov for ny farledsgjennomgang med tanke på etablering av biled inn til reguleringsområdet. Då vil formålet ferdsei i sjø og hamneområde sjø vere arealformål eins skal nytte. ▪ Kystriverket kan ikkje sjå at etablerte navigasjonsinnretningar eller lyssektor frå slike vert påverka av planlagt tiltak. Dersom båtsambandet krev nye/endra navigasjonsinnretningar for sikker seilas, må dette utgjeraast nærrare og synleggjeraast i plandomumentet. Kostnadar for ev. nyetableringar må også signaliseraast. ▪ Etablering av tiltak i eller nær sjø og som kan få betydning for sikkerheit og framkommeleight i farvatnet skal inngå i ROS-analyse ▪ Gjennom planmedverknad vil vurdering av om planframlegget kan få konsekvensar for sikkerheit og ferdsel i hovud- eller biled vere sentralt. For område i sjø kan det knytast bestemte krav om konsekvensutgreilingar til arealformål, jf. pbl. § 11-7 nr. 2 og 6 	<p>Innhald planprogram:</p> <p>Vurdering av verknaden for alle trafikantgrupper av ei utbygging som skissert ligg inne i planprogrammet.</p> <p>Vedrørende planavgrensing og ønsket om utviding av planområdet til Skaarmarka og Grøndalsmarka for å endre startloksjon:</p> <p>Startloksjon/bunnstasjon i nærlieken av Devoldfabrikken, er ein grunnleggande premiss for planarbeidet, blant anna for at Langevåg sentrum skal få utnytte den positive effekten av eit større kundegrunnlag. Ulike alternativ og variantar vil bli vurdert og omtala - men det er på dette tidspunkt vanskeleg å sjå korleis omsyn til bustadområde og trafikktryggleik blir betre ivaretake av å leie eit vesentleg</p>
A09 – 28.–31.09.21	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Saka er handsama i oppvekstutvalet - OP-031/21: <p>Fagutval Sula kommune:</p> <p>Kultur og folkehelse Teknisk område Helse og sosial Oppvekst</p>	<p>Langevåg og Molvær barnehagar ligg nært planområdet og er brukarar av eit område der gondolen vil gå rett over.</p> <p>Kva konsekvensar gir utbygging for trafikktrygging til og frå barnehagane?</p> <p>Kva konsekvensar fører «stor turistmyldring» til for nærliggande barnehagar?</p> <p>Kva konsekvensar for framtidig bruk av «dagens friområde» aust for Molværssbrauta dersom gondoltrasè går rett over?</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Planområdet bør utvidast frå Devold-området og austover til Skaarmarka og Grøndalsmarka slik at det er rom for å vurdere endra startloksjon ■ Følgjande berekraftmål er viktig å vektlegge: <ul style="list-style-type: none"> - Nr.3 God helse og Livskvalitet - Nr. 11 Berekraftige byer og lokalsamfunn - Nr. 17 Samarbeid for å nå måla ■ Punkt 1.8 i planprogrammet - Lite gjennomgangstrafikk forbi planområdet må utgreiast nærmare ■ Utredning på korleis gondol vil påverke Langevåg og Molvær barnehagar sitt ute-, tur- og inneområde. ■ Folkehelseperspektivet vil vege tungt. ■ Konsekvensutgrei korleis gondol vil påverke skuleveg, både under trase, trafikkavvikling også i anleggsperiode. ■ Meirkostnadar til sikring av skuleveg ev. skyss må kostast av tiltakshavar. ■ Ber om at startpunkt ved foten av fjellet blir vurdert for å unngå nemnde problemstillingar ■ KUF-45/21 – Fagutvalet for kultur og folkehelse – tek områderegulering Sulafjellet til vitande ■ TEO-037/21 – Fagutvalet for teknisk område – tek sak til vitande ■ HS-037/21 – Fagutvalet for helse og sosial – tek høyringsutkast til planprogram til vitande 	<p>trafikktal langs kommunale vegar i retning Grøndalsmarka/ Skaarmarka, eller fjellfoten.</p> <p>Vi rår ikkje til ei vesentleg utviding av det planområset som ligg til grunn kommunestyrevedtak sak 16/21 og oppstartsmøtet.</p> <p>Punkt 1.8 i planprogrammet – om Transportbehov/kjent kunnskap:</p> <p>Setninga om "Lite gjennomgangstrafikk forbi planområdet" refererer seg til at Langevåg sentrum ligg i den vestlege enden av fv. 657, og at det er ikkje gjennomgangstrafikk i planområdet, slik det er skrive i planomtalet til sentrumsplanen, utarbeidd av Norconsult. Med dette meiner ein ikkje å seie noko om kor stor eller liten trafikken er, men at trafikken gjennom planområdet har sitt mål eller kjem frå ein stad på Langevåg, det er ikkje trafikk som passerer gjennom sentrum på veg til og frå andre hovudmål. Sidan det oppstår tvil om kva som er meint, rår vi til å skrive om avsnittet om kjent kunnskap, slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Trafikk og parkering er vurdert i pågående arbeid med områdeplan for Langevåg sentrum. Kap. 4.9 i planomtalet sier m.a. dette om trafikkforhold: Langevåg sentrum ligger i den vestlige enden av fv. 657, og det er ikke gjennomgangstrafikk i planområdet. Trafikkmengda på fylkesvegen er om lag 5000 i ADT (årsdøgnstrafikk). På Molværsvegen rett sør for Devoldfabrikken er trafikkmengda om lag 2700 i ADT.</i> • <i>Manglende tilrettelegging for gående og syklende er ei utfordring i sentrumsatene og på deler av det tiliggende kommunale gatenettet.</i> • <i>Undersøkinga av parkeringskapasitet viser at området som Lerheimkaia, området rundt Rådhuset og sjøsida av Devold har høyt belegg.</i> • <i>De aller fleste område har middels til lavt belegg.</i>
--	--	--

	<p><i>Dette gir et handlingsrom for videre planarbeid, og det kan være rom for at parkeringsområde blir omdisponert.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> Vurdering av barn og unge sine interesser er ein obligatorisk del av reguleringsplanarbeidet. Dette vil bli gjort i kapittel i planomtalen, ikkje som eiga konsekvensvurdering. For oversikten sin del rår vi til følgjande endring: <p><i>Nytt avsnitt i kap. 3.3 Konsekvensutredningstema: Barn og unges interesser.</i></p> <p><i>Utredningsbehov: Tiltalet vurderes opp mot barn og unges interesser, med spesielt fokus på trygge trafikkfløsninger og tilkomst til friluftsområder og oppholdsarealer. Virkning for barnehagene sine ute-, inne- og turområde.</i></p>	
A10 – Utval Sula kommune Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting	<p>Saka er handsama i Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting i sak RLF- 023/21 samt i Eldrerådet i sak ER-025/21</p> <ul style="list-style-type: none"> Råda ser det som eit overordna mål å skape tryggleik, trivsel og gode universelle løysingar for innbyggjarane i Sula, for eldre og for personar med funksjonsnedsetting spesielt. Rådet ber om at konsekvensar for eldre og personar med funksjonsnedsetting vert vurdert spesielt under kvart utrednings- og konsekvensutredningstema i planen, der dette er relevant 	<p><u>Innhold planprogram:</u> Merknaden inneheld ikkje moment som krev justering av planprogrammet</p> <p>Vi tek med oss innspellet om å sjå på konsekvensar for eldre og personar med funksjonsnedsetting der dette er relevant vidare i planarbeidet.</p>

<p>A11 – Kommuneoverlegen</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Helse må vere med under konsekvensutgreiingstema, pkt. 3.3. Planområdet er av ein slik storleik av det vil ha vesentleg innverknad på ein stor region ■ Befolkingas helse og helsefordeling i befolkninga, pkt. 1.8. er mangelfull. Forutan støyplager, er det berre skildra positive effektar. Bruken av fjellet for dei som nyttar fjellet i dag til trening og rekreasjon vil bli endra og konsekvensen må vurderast ■ I eit stor prosjekt vert mange berørt og det er dokumentert betydeleg psykisk uhelte hjå mange berre som følgje av planarbeidet. Det bør derfor utgreiast konsekvensane dette vil ha; direkte, indirekte, kortvarige, varige, kortlertidige, midlertidige og langsiktige 	<p>Innhald planprogram:</p> <p>Folkehelse: Nordplan AS tilrår følgjande endringar i planprogrammet:</p> <p>Kap 1.8 Kunnskapsgrunnlaget:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ To tillegg i avsnitt Befolkingas helse og helsefordeling i befolkning: <i>"Vurdering av konsekvenser for nærmiljø/bomiljø under eller nær gondolbane, for eksempel innsyn fra gondol til bolig. Gjøres blant annet ved hjelp av gode illustrasjoner (3D) av banens høyde over bakken i forhold til utsatte boliger."</i> ■ "Avveining av positive og negative sider av endra tilgjengelighet til friluftsområdet på Sulafjellet." ■ Punkt vedrørende nærmiljø og bomiljø med fokus på innsyn frå gondolbane i avsnitt Samfunnskonsekvensar flyttast til avsnitt Befolknings helse og helsefordeling i befolkninga. <p>Kap. 3.3 Konsekvensutredningstema:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Nytt kapittel: Folkehelse. Punkt under utredningsbehov: <i>"Vurdering av påvirkning på beboere under eller nær gondolbane, for eksempel innsyn fra gondol til bolig."</i> ■ "Avveining av positive og negative sider av endra tilgjengelighet til friluftsområdet på Sulafjellet." ■ Endring i kapittel Samfunnskonsekvenser: Avsnitt om gondolbane si påvirkning av private eiendommer/fotavtrykk samt utredning av
-----------------------------------	--	--

		<p>virkninger for boliger under eller nær banen <i>fyltast til kapittel Folkehelse.</i></p> <p>Vurdering av folkehelse vil gjelde verknader av tiltaket, ikke verknader av planprosessen.</p>
A12 – 25.10.21 Barnerrepresentanten	<ul style="list-style-type: none">■ Føreset at barn og unge sine interesser vert tatt i vare if. § 1-1 i plan- og bygningslova.■ Ei beskriving av barn og unge si interesse skal ligge ved plansaka. Både dei positive og negative sidene skal synleggjera.■ Barnerrepresentanten vil uttale seg meir spesifikt når detaljreguleringa ligg føre.	<p><u>Innhold planprogram:</u></p> <p>Vurdering av barn og unge sine interesser er ein obligatorisk del av reguleringsplanarbeidet. Dette vil bli gjort i kapittel i planomtalet, ikkje som eiga konsekvensvurdering. For oversikten sin del rår vi til følgjande endring: <i>Nytt avsnitt i kap. 3.3 Konsekvensutredningstema: Barn og unges interesser.</i></p> <p><u>Utredningsbehov:</u></p> <p><i>Tiltaket vurderes opp mot barn og unges interesser, med spesielt fokus på trygge trafikkfløsninger og tilkomst til friluftsområder og oppholdsarealer. Virkning for barnehagene sine ute-, inne- og turområde.</i></p>